



Familien Lyssand stortrivs i Uskedalen. Her står Gunnar, Turid, Bjørg og Kristoffer (7 år) ved båten sin på Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Me treng ikke å leita etter noko anna påske-mål når me har Uskedalen!  
Det seier medlemene av familien Lyssand frå Hagavik og Halhjem i Os etter at dei har lagt sin Rodman 38 ved Sandakaien og innteke det dei betraktar som eit ferieparadis.**

Osingane skvulpar over av begeistring over Uskedalen og har ikkje ein einaste kritisk merknad. Dette er sjette året dei er påskegjester i Uskedalen, det vil seie at dei har vore det så lenge dei har hatt båt. Og onsdag kjem det fleire osingar sjøvegen.

- Men kvifor ikke heller Husnes Båthamn?

- Det er trivelegare og på ein måte varmare her. Husnes-hamna blir litt for stor og upersonlig for oss. Det var ein annen osing og ven av familien som fekk oss til å freista Uskedalen, han har vore her i minst 20 år. Som argument trakk han mellom anna fram det gode vatnet, fin natur og positiv mottaking i båthamna. Det viste seg å stemma på ein prikk og no har me sjølve erfart at Uskedalen i tillegg har gode turstigar og ein butikk som er heilt einestående både når det gjeld utval og service. Vi veit at hvis vi ikkje har alt med oss i båten, kan vi få det på SPAR i Uskedalen. Og så likar dei minste å helse på dyra til Magne Huglen medan dei eldre likar det heimelaga ølet hans, svarar familien Lyssand.

Dottera Bjørg har i tillegg eit personlig argument for Uskedalen framfor denne sommarsesongen: - Eg skal akklimerisera meg med ein tur påEnglafjell som ei førebuing på å klatra over 4000 meter i Peru!

Familien Lyssand er gjerne også i Uskedalen i fleire helger både før og etter påske, men i sommarferien reiser dei gjerne litt lenger og har vore så langt nord som til Geiranger og så langt sør som til Stavanger. For dei er ferie eit liv i båt, med visse unntak utenom båtsesongen då det hender at dei tek ein Sydentur.

Førebels er ikke påske-innslaget i båthamnane i Uskedalen stort, men det er grunn til å venta større innrykk onsdag, når fleire har fått fri frå jobben. Den mest langvegsfarande vi har registrert så langt er frå Eigersund.

Av Ola Matti Mathisen